

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
250	Pål Grev	22.11.22	33/22

TILSETTING AV NYTT FJELLOPPSYN*Saksdokument:*

1. Sakene 19/22 og 32/22 i fjellstyret.
2. Søkjarliste (etter 2. gongs utlysing).
3. Søknad med CV for dei fire som har vore inne til intervju.

Saksutgreiing:

I sak 33/22 vedtok fjellstyret at stillinga som fjelloppsyn skulle lysast ut på nytt. Annonsering vart gjort gjennom Norges Fjellstyresamband sitt søknadsopplegg, og med ei ekstra annonse på Finn. Søknadsfristen vart sett til 7. november. Det var i alt 52 søknader. Fordi dagleg leder vart inhabil i saka, tredde Steinar Håkenstad inn for han i tilsettingsgruppa. Gruppa har gjennomført intervju med fire av søkjarane. Oppsummering av intervjuet og framlegg frå utvalet vart lagt fram i møtet. Søkjarlista og søknad med CV for dei fire som har vore til intervju, er lagt ved saka.

Vedtak:

Samrøystes: Fjellstyret har gått gjennom søkjarane til den ledige stillinga som fjelloppsyn ut ifrå kriteria i stillingsannonsen, og har drøfta dei aktuelle kandidatane. Det har vore innhenta referansar av desse, og alle har relevant utdanning. Kandidatane har gjeve gode jobbintervju og fjellstyret har eit godt inntrykk av alle. Endeleg prioritering er gjort ut ifrå relevant utdanning, referansar og jobbintervju. Følgjande får tilbod om stillinga som fjelloppsyn i Vågå fjellstyre, i prioritert rekkjefølgje:

1. Oskar Pettersen
2. Steffen Johnsen
3. Ingvild Øyjordet
4. Edvard Emble Lund

Pga. inhabilitet har dagleg leder ikkje deltatt i førebuing og behandlinga av saka.

Rett utskrift.

Vågåmo, 24.11.22

Pål Grev (styreleder)